

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2. Dei felles programfaga *Visuelle kunstfag 1, 2 og 3* og *Design og arkitektur 1, 2 og 3* i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3. *Film* og eit *fordjupingsemne på Vg3* bør oppretta som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4. Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere *Utdanningsprogram for visuell kunst, design og arkitektur*. Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.

Forsлага vil ikkje føre til auka økonomiske og administrative konsekvensar for skuleeigar.